



## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Sektor for oppvekst, undervisning og kultur	Hilde Gunnarson	
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 20/1670	Klassering:

### Orientering om tilskotssatsar 2024 til private barnehagar

Private barnehagar vert finansiert av foreldrebetaling og offentlege tilskot.

Barnehagane i Osterøy får tilskot ut frå kor mange små (0-2 år) og store (3-6 år) barn som har plass i barnehagen per teljedatoane 15.12.23 og per 01.09.24.

Offentlege tilskot utgjer eit driftstilskot og eit kapitaltilskot. Driftstilskot må fastsettast kvart år og tek delvis utgangspunkt i rekneskapet for dei kommunale barnehagane i heimkommunen to år tilbake og delvis nasjonale estimat og sjablongar. Driftstilskot for private barnehagar vil av den grunn variere frå kommune til kommune. Kapitaltilskotet vert fastsett nasjonalt.

### Sats for driftstilskot per barnehageplass (fulltids plass) i 2024 vert:

- Barn 0-2 år: 273.971,-
- Barn 3-6 år: 139.716,-

Dette utgjer ein auke på 8,7% frå sats 2023. Inkludert i denne auken er redusert brukarbetaling for hausten, det vil sei reduksjon med kr.1000,- per barnehageplass frå august 2024.

Osterøy kommune tek atterhald om at satsene kan endrast dersom Stortinget endrar satsen for kommunal deflator 2024 og/eller det skjer endringar i satsen for brukarbetaling frå august 2024. Kommunal deflator er per i dag berekna til å vere 4,3% for 2024.

### Pensjonskostnader

Pensjonskostnadene i kommunale barnehager inngår ikkje i berekningsgrunnlaget for driftstilskot til private barnehagar. I staden får private barnehagar eit pensjonspåslag som ein integrert del av driftstilskotet. Påslaget er redusert frå 13% i 2022 til 10% i 2024. Dersom barnehagen har høgare pensjonsutgifter enn 10% kan dei søke om å få desse refundert i etterkant.

### Administrasjonspåslag

Private barnehagar får, som ein integrert del av driftstilskotet, eit administrasjonspåslag på 4,3 prosent av gjennomsnittlige driftskostnader i kommunale barnehager i heimkommunen. Dette skal ifølgje eit estimat dekke administrative felleskostnader som ikkje inngår i berekningsgrunnlaget i dei kommunale barnehagene.

### **Kapitaltilskot 2024**

Kapitaltilskotet er ein sum per barnehageplass og skal i teorien dekke barnehagen si rente- og avskrivningskostnader. Tilskotet avtar i takt med barnehagebyggets alder og er fastsett av Stortinget.

- Ordinært kapitaltilskot per heildagsplass er kr. 11.800,-
- Godkjenningsår 2015-2017, kapitaltilskot 22.900,-
- Godkjenningsår 2018-2020, kapitaltilskot 26.000,-
- Godkjenningsår 2021-2023, kapitaltilskot 29.200,-

Verken pensjonspåslaget, administrasjonspåslaget eller kapitaltilskotet er tenkt nøyaktig å skulle dekke dei reelle kostnadane i den einskilde barnehage fra år til år. Men i sum er tilskotet til private barnehagar meint å gje mest muleg korrekt dekning over tid. For utfyllande informasjon, sjå [Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager](#).

### **Teljedatoar i Osterøy kommune**

Dei private barnehagane i Osterøy får tilskot ut frå kor mange små (0-2 år) og store (3-6 år) barn som har plass i barnehagen per teljedatoane 15.12 og per 01.09. Jamfør barnehagelova har barn som fyller eitt år innan utgangen av november månad krav på barnehageplass når dei fyller eitt år.

For å stimulere dei private barnehagane til gje tilbod til barn utover hausten har desse barna vorte inkludert i teljinga 01.09. Denne praksisen vert endra frå 2024 og tildeling av tilskot vil gjerast ut frå reelt tal på barn på teljedatoane. Unntak frå teljedatoane kan kun skje etter særskilt avtale med barnehagemynda i kommunen. Årsak til denne innstrammainga av praksis er at den er ikkje i strid med lova og det bidreg til saldering av budsjett 2024 i Oppvekst, undervisning og kultur.